

RAPPORT



# INNBYGGGARHØYRING OM KOMMUNEREFORMA

SYKKYLVEN KOMMUNE

MAI 2016

## Innhald

Om undersøkinga .....	3
Hovudresultat.....	4
Representativitet.....	6
Svarprosent .....	7
Svarfordeling etter kjønn .....	7
Aldersgruppa 16-19 år.....	9
Aldersgruppa 20-29 år.....	10
Aldersgruppa 30-39 år.....	11
Aldersgruppa 40-66 år.....	12
Aldersgruppa 67 år og over .....	13
I kva grad er du opptatt av kommunereforma?.....	14
Vedlegg 1 Følgdebrev utsending av innbyggjarhøyringa .....	15
Vedlegg 2 Spørreskjema.....	16
Vedlegg 3 Informasjonsbrosjyre vedlagt utsendinga .....	17

## Om undersøkinga

Innbyggjarhøyringa vart gjennomført som spørreundersøking der alle innbyggjarar over 16 år fekk tilsendt personleg adressert brev med spørreskjema og informasjonsbrosjyre. Tilsaman 6086 personar.

Adresselister var henta frå manntalslister produsert av Every AS.

Utsending var siste veka i april. Høyringsfrist var 8.mai 2016.

Deltakarane vart oppmoda om å svare på nett, via nettsida bedrekommune.no. Kvant spørreskjema var påført eit unikt passord til bruk på nettløysinga.

I tillegg var det plassert ut urner for mottak av papirskjema på BUAS, Servicetorget, OAJ Løseth i Ramstadal, Joker Velledalen, Joker Hundeidvik, Bunnpris Straumgjerde og Bunnpris Ikorntnes.

Av 6086 utsendte skjema kom det inn 2218 svar. Svarprosent på 36,4%.

Ca 1% kom i retur grunna ukjent adressat o.l.

## Spørsmål

Bakgrunnsspørsmål er kjønn og fødselsår.

Om kommuneorganisering er det stilt spørsmål om foretrekt løysing ut frå Sykkylven sine tre alternativ; regionkommune Ålesund, Stranda og Sykkylven eller Sykkylven held fram som eigen kommune.




For gruppa som svarar Sykkylven eigen kommune er det i tillegg stilt spørsmål om foretrekt løysing dersom kommunen vert tvungen til samanslåing.

I tillegg er det spørsmål til alle i kva grad ein er opptatt av reforma for å danne eit bilde av interessa. Dette spørsmålet må vurderast saman med den generelle oppsluttinga om høyringa.


## Hovudresultat

Figurane under syner resultata samla for dei ulike spørsmåla i høyringa.

<b>Kjønn</b>	<b>Svar</b>	<b>Prosent</b>
1. Kvinne	1036	48.6
2. Mann	1095	51.4
<b>Kva framtidig kommuneorganisering ønsker du?</b>		
	<b>Svar</b>	<b>Prosent</b>
1. Stranda og Sykkylven kommune	474	21.5
2. Regionkommune Ålesund	464	21.1
3. Sykkylven som eiga kommune	1263	57.4
<b>Dersom du meiner Sykkylven kommune skal halde fram som eiga kommune, kva alternativ vil du foretrekke dersom kommunen vert tvungen til å slå seg saman med nokon?</b>		
	<b>Svar</b>	<b>Prosent</b>
1. Stranda og Sykkylven kommune	903	75.6
2. Regionkommune Ålesund	292	24.4
<b>I kva grad er du opptatt av kommunereforma?</b>		
	<b>Svar</b>	<b>Prosent</b>
1. Særs liten grad	49	2.2
2. Ganske liten grad	102	4.7
3. Litt liten grad	226	10.3
4. Litt stor grad	549	25.1
5. Ganske stor grad	685	31.4
6. Særs stor grad	520	23.8
7. Veit ikkje	53	2.4




Dei som ville at Sykkylven kommune skal halde fram som eigen kommune, vart også spurt kva alternativ dei foretekk dersom kommunen vert tvungen til samanslåing. Figuren under viser svarfordelinga innanfor kvar aldersgruppe.



## Representativitet


Figuren under syner aldersfordelinga i samla svargruppe samanlikna med aldersfordelinga blant innbygarane i kommunen for dei fem aldersgruppene i undersøkinga..

Alders gruppene 20-29 år og 30-39 år er noko underrepresentert og dei eldste noko overrepresentert i svara. Det er ikkje gjennomført vektning av resultatane ut frå denne skeivfordelinga.



## Svarprosent


Samla svarprosent for høyringa er 36%. Svarprosent i kvar enkelt aldersgruppe varierer til dels mykje. Figuren under syner svarprosenten innanfor kvar enkelt aldersgruppe.




## Svarfordeling etter kjønn

Undersøkinga viser samla sett relativt små forskjellar mellom kvinner og menn.




Kjønnsfordeling innanfor dei ulike aldersgruppene er vist under kvar gruppe, og interessevariasjon mellom kjønn er vist i siste kapittel.













## Aldersgruppa 16-19 år






## Aldersgruppa 20-29 år






## Aldersgruppa 30-39 år



## Aldersgruppa 40-66 år



## Aldersgruppa 67 år og over





## I kva grad er du opptatt av kommunereforma?

Undersøkinga her ein låg svarprosent. Låg svarprosent kan tilskrивast mange forhold; for lite eller for dårleg informasjon, uavklara konsekvensar, uvisse om kva nabokommunane ønsker eller rett og slett lita interesse. Undersøkinga gir ikkje svar på kva som ligg bak dette.

Blant dei som har svart på undersøkinga, er det naturleg å anta at det i utgangspunktet er ei viss interesse for kommunestrukturen. Svarfordelinga tyder også på dette, med ei relativt stor overvekt på ulik grav av stor interesse.

Det er liten forskjell på interessa mellom kvinner og menn..

Bildet er litt meir nyansert om ein ser på aldersgrupper. Hovudtrekka er nokså like, men ein kan seie at dei to eldste aldersgruppene (40-66 år og 67 år ?) viser noko større interesse enn dei yngre gruppene.



## Vedlegg 1 Følgbrev utsending av innbyggjarhøyringa



**Sykkylven kommune**  
Tekniske tenester

Adresseliste

Dykkar dato:	Vår dato:	19.04.2016	Saksbeh.:	Njell Hoftun
Dykkar ref.:	Vår ref.:	2014/760-4855/2016	Telefon:	70 24 67 11
	Klassering:	026		

### Innbyggjarhøyring om kommunereforma

Sykkylven kommunestyre ber om ditt råd i spørsmålet om kommunesamanslåing.

Alle innbyggjarar over 16 år får no tilsendt spørreskjema. Du kan svare på nett eller papir.

**Vi oppmodar flest mogleg om å svare via internett.**

Gå inn på <http://svar.bedrekommune.no> og logg deg på med eingangspassordet som står øverst på vedlagte spørreskjema.

Dersom du ikkje har tilgang til internett heime er det tilgjengelege publikumsmaskiner på servicetorget og på biblioteket.

Alternativt kan du levere utfyllt papirskjema følgjande stader:

-Rådhuset (stemmeurne på Servicetorget, etter stengt tid i eigen postboks)

-På følgjande nærbutikkar:

Joker Velledalen  
Joker Hundeidvik  
Bunnpris Ikornes  
Bunnpris Straumgjerde  
O A J Løset, Ramstaddal

Om du lever papirskjema må du ikkje fjerne eller stryke over passordet på skjema. Vi treng dette for manuell registrering av svara. Vi kan ikkje koble passord og namn i utsendingsbrevet og skjema, slik at svaret ditt vil forbli anonymt. Du skal heller ikkje skrive namnet ditt på skjemaet du levere tilbake.

**Svarfrist for undersøkinga er søndag 8.mai.**

Meir informasjon om reforma finn du på [www.sykkylven.kommune.no](http://www.sykkylven.kommune.no) under Kommunereforma.

Dei som ikkje har høve til å hente meir informasjon på nett, kan få dette ved å vende seg til servicetorget.

Med helsing

Odd Jostein Drotninghaug  
Ordførar

May-Helen Molvætr Grimstad  
Rådmann

---

Postadresse:	Rådhuset, 6230 Sykkylven	Telefon:	70 24 65 00	Bankgiro:	4045.07.01442
Besøksadresse:	Rådhuset, Kyrkjevegen	Telefaks:	70 24 65 01	Bankgiro skatt:	6345.06.15287
E-postadresse:	postmottak@sykkylven.kommune.no			Org.nr.:	NO 964980 365 MVA

## Vedlegg 2 Spørreskjema

Innbyggjarhøyring for Sykkylven kommune

### Sykkylven/Innbyggjar

Inngangspassord: G3A271ZT

<http://sver.badrakommune.no> - Registeringsperiode: fra 25.04.16 til 05.05.16

side 1

Kjønn

Kvinne  Mann

Kva årstal er du født?

Kva framtidig kommuneorganisering ønsker du?

Stranda og Sykkylven kommune  Regionkommune Alesund  Sykkylven som eiga kommune

Dersom du meiner Sykkylven kommune skal halde fram som eiga kommune, kva alternativ vil du foretrekke dersom kommunen vert tvungen til å slå seg saman med nokon?

Stranda og Sykkylven kommune  Regionkommune Alesund

I kva grad er du opptatt av kommunereforma?

1. Særs liten grad  2. Ganske liten grad  3. Litt liten grad  4. Litt stor grad  5. Ganske stor grad  6. Særs stor grad  7. Veldig stor grad



## Vedlegg 3 Informasjonsbrosjyre vedlagt utsendinga



# SYKKYLVEN KOMMUNE OG KOMMUNEREFORMA

Sykkylven kommunestyre vedtok å utgreie tre alternativ:

- Sykkylven held fram som eigen kommune,
- Stranda og Sykkylven kommune
- Regionkommune Ålesund (inntil 10 kommunar)

Det er forhandla fram intensjonsavtalar for Regionkommune Ålesund og for Stranda og Sykkylven kommune.

### INTENSJONSAVTALAR

Ein intensjonsavtale er resultatet av forhandlingar mellom kommunar som saman ønskjer å bygge ein ny kommune. Avtalen er ikkje juridisk bindande, med den syner kva prinsipp ein ønskjer å leggje til grunn for arbeidet fram mot ein ny kommune.

Fleire kommunar har inngått fleire intensjonsavtalar.

Forhandlingane er førte slik at det skal vere dei viktigaste momenta som er komne med i intensjonsavtalen.

Dei kommunane som slår seg saman, oppnemner ei fellesnemnd med likt tal av representantar frå kvart kommunestyre. Fellesnemnda skal med utgangspunkt i avtalen arbeide vidare med å gjennomføre samanslåinga.

### KOMMUNALE TENESTER

Begge intensjonsavtalane legg opp til at basisteneestene som skule, barnehage, SFO, eldreomsorg, helsetenester, bibliotek med meir skal vere som i dag.

Spesialiserte fagmiljø som ikkje er stadbundne skal samlast, og ansvar for desse fordelast mellom dei tidlegare kommunane.

### NYE OPPGÅVER

Alle kommunane vil få nye oppgåver i framtida. Regjeringa si oppgåvemelding - St.meld 14 2014-2015, peika på oppgåver innanfor velferdsområdet og lokal utvikling. Fleire oppgåver er under utgreiing.

### NYTT INNTEKTSSYSTEM

Med inntektssystem meiner vi staten si overføring av pengar til kommunane. I dag får alle kommunar eit likt basistilskot på 13,2 mill. Forslag til nytt inntektssystem for kommunane som har vore ute til høyring, foreslår endringar i dette tilskotet. Forslaget får negativt utslag for dei fleste kommunane med under 20 000 innbyggjarar. Forslaget er omstridt og ikkje vedtatt, og korleis det endelege inntektssystemet blir er uråd å seie.

### ARBEIDSGIVARAVGIFT

Kommunane i regionen har ulik arbeidsgivaravgift. Kommunar som slår seg saman vil få vidareført sine ulike satsar til ordninga vert revidert hausten 2020.

### EIGEDOMSSKATT OG KOMMUNALE AVGIFTER

Avgifter og skattenivå skal på sikt harmoniserast om kommunar slår seg saman. Det er opp til framtidig kommunestyre å avgjere korleis avgifter og eventuell eigedomsskatt blir for den nye kommune.

### REFORMTILSKOT

Kommunar som slår seg saman får eit eingongstilskot alt etter storleik. Den nye kommunen vil behalde eit basistilskot frå staten som om den var dei tidlegare kommunane i 15 år. Dette utgjer i dag 13,2 mill pr tidlegare kommune. Deretter nedtrapping over 5 år.

### BLIR DET TVANG?

Samanslåing skal vere frivillig. Tvang har vore omtala som mogleg der ein kommune kan hindre samanslåing for andre kommunar som ønsker samanslåing.

### KVA SKJER VIDARE?

Etter innbyggjarhøyringa skal kommunestyret gjere vedtak innan 1.juli 2016. Fylkesmannen gir sitt råd til departementet til hausten. I 2017 gjer Stortinget vedtak om ny kommunestruktur. Eventuell ny kommune skal vere etablert frå 1.1.2020.

Les meir på [www.sykkylven.kommune.no](http://www.sykkylven.kommune.no) under Kommunereforma



1

## SYKKYLVEN SOM EIGEN KOMMUNE

### Skaparglede

#### BEFOLKNING

Folketal pr 1.1.2016 var 7 675. Utvikling over tid og prognoser fram til 2040 går fram av figurane under.



#### SAMFUNNSUTVIKLING

Sykkylven vil

- vere ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet
- skape trivsel, sosiale og friske menneske som meistarar eigen kvardag
- vere ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet
- vere eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sitt behov
- skape gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell

- bygge stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida

(Samfunnsplan 2011-2025)

#### TENESTEYTING

Kommunale tenester vil halde fram som i dag. Eventuelle endringar i framtida er opp til det til ei kvar tid sittande kommunestyre å avgjere, og vil vere uråd å seie noko om no.

Dersom kommunestrukturen rundt oss vert endra ved at nabokommunar slår seg saman, må Sykkylven kommune forvente at eksisterande interkommunale avtalar kan bli sagt opp eller endra.

Kommunen deltek i dag mellom anna i interkommunale samarbeid knytt til revisjon, kontrolluvssekretariat, arkiv, beredskap, renovasjon, krisesenter, overgrepsmottak og regionalt utviklingsarbeid.

Sykkylven kommune må, som alle andre kommunar, handtere nye oppgåver som vert lagt til kommunane i framtida.

#### DEMOKRATI

-Sykkylven kommune held fram med dagens organisering

-Kommunestyret har 29 medlemmar.

-Råd og utval blir som i dag.

#### ØKONOMI

Forslag til nytt inntektssystem kan på sikt gi Sykkylven kommune eit årleg tap i basistilskotet på 6-7 mill. i rammeoverføring frå staten.

Forslaget får negativt utslag for dei fleste kommunane med under 20 000 innbyggjarar.

Forslaget er omstridt og ikkje vedtatt. Korleis det endelege inntektssystemet blir er uråd å seie.

Det er derfor uråd å seie kva effekten til slutt vil bli for Sykkylven kommune.

Les meir på [www.sykkylven.kommune.no](http://www.sykkylven.kommune.no) under Kommunereforma



2

## STRANDA OG SYKKYLVEN KOMMUNE

Skaparglede mellom fjell og fjord

### BEFOLKNING

Samla folketal pr 1.1.2016 var 12 273. Utvikling over tid og prognoser fram til 2040 går fram av figurane under.



### SAMFUNNSUTVIKLING

Stranda og Sykkylven kommune skal

- skape ein vekstkraftig ny kommune som er ein attraktiv lokalisingsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.

- vere ein framtidretta utviklingsaktør
- legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.

Den nye kommunen skal ha eit sterk fokus på framtidretta næringsutvikling. Det er eit ønske å samle dei kommunale ressursane overfor næringslivet i eit nytt næringskontor lokalisert til Stranda.

Kommunen vil arbeide for realisering av Storfjordsambandet med fjordkryssing og tunell Hole-Engeset.

### TENESTEYTING

Stranda og Sykkylven kommune skal

- sikre gode tenester med god kvalitet for innbyggjarane
- bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod der folk bur
- vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette
- rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon

Begge rådhusa i den gamle kommunestrukturen skal ha eit servicetorg.

Politisk og administrativ toppleiing vert lagt til rådhuset i Sykkylven kommune.

Basistenestene, som t.d. barnehagar, skule og omsorgsinstitusjonar skal ikkje re-strukturast som ein del av arbeidet til fellesnemnda.

Dei spesialiserte tenestene skal samordnast og fordelast balansert mellom dei to kommunane.

Eksisterande interkommunale avtalar kan bli sagt opp eller endra.

### DEMOKRATI

Kommunestyre med 33 representantar.

### ØKONOMI

Kommunane skal fram mot samanslåing vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske berevne. Ingen økonomiske særordningar for dei gamle kommunane vert tatt med inn i den nye kommunen.

Startar felles økonomiplanprosess frå hausten 2016.

Eingongstilskot: 25 mill.

Inndelingstilskott sikrar at Stranda og Sykkylven kommune beheld basistilskott som om den framleis er 2 kommunar i 15 år (i dag 13,2 mill årleg tilskott pr kommune).

# REGIONKOMMUNE ÅLESUND



## Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet

10 kommunar har forhandla fram intensjonsavtalen: Ålesund, Giske, Hareid, Haram, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven og Ørskog kommune.

Fleire kommunane har til liks med Sykkylven også andre alternativ.

### BEFOLKNING

Samla folketal pr 1.1.2016 var 95 077. Av desse hadde Ålesund 46 747 innbyggjarar. Utvikling over tid og prognoser fram til 2040 går fram av figurane under.



### SAMFUNNSUTVIKLING

Fokus på vere eit regionalt tyngdepunkt mellom Bergen og Trondheim.

Arbeide for samferdselsløysingar som bind regionen saman.

Drive meir samordna planlegging for utvikling av både by og omland.

Regionen skal vere ein attraktiv kvardagsregion for innbyggjarane i dag og i framtida.

Styrke og utvikle næringsliv og nyskaping.

### TENESTEYTING

Dei kommunale tenestene skal vere nær brukarane. Barnehage, SFO, skule, kulturskule, eldreomsorg, legesenter, bibliotek, servicetorg, symjebasseng og andre basistjenester skal i hovudsak vere plassert som i dag.

Spesialiserte fagmiljø skal samordnast og fordelast mellom dei tidligare kommunesentra.

Rådhuset skal leggast til Ålesund sentrum. Her skal ordførar, rådmann og andre funksjonar nært knytt til rådmannen ligge.

Effektiviseringsgevinst skal gå til styrka tenestetilbod.

Det er eit mål at den nye kommunen i større grad skal kunne ta på seg oppgåver utan interkommunalt samarbeid.

### DEMOKRATI

Kommunestyre med inntil 77 medlemmar. Dette blir skalert ned dersom enkelte kommunar går ut av samarbeidet.

Kommunen vil sikre nærdemokrati ved å etablere kommunedelsutval etter dagens kommunegrensar.

Utvala skal ha delegert mynde og budsjettansvar på avgrensa område.

Kommunedelutvala kan ha inntil 15 medlemmar.

Talet kan tilpassast innbyggartalet i kommunedelen.

### ØKONOMI

Investeringsprosjekt som er vedtatt og finansiert skal prioriterast i regionkommunen sine budsjett- og økonomiplanar.

Ingen økonomiske særordningar for dei gamle kommunane vert tatt med inn i den nye kommunen.

Kommunane startar felles økonomiplanprosess frå hausten 2016.

Eingongstilskot: 90 mill.

Inndelingstilskot sikrar at regionkommunen beheld basistilskot som om den framleis er dei tidlegare kommunane i 15 år (i dag 13,2 mill årleg tilskot pr kommune).